



“På lag med bygdi”

Møtedokument til Årsmøte i Lærdal Idrettslag

Dato: 20.03.24

Stad: Klubbhuset, Lærdal

Sak 01/24: Godkjenne dei som har røysterett

Tilråding til vedtak: Vert summert opp i møtet

Utgreiing:

Røysteføre er i samsvar med Lov for Lærdal IL, §5 pkt 1; *For å ha røysterett, for å kunne veljast til årsmøte-/tingvalde organ og for å kunne veljast/oppnemnast som representant til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd må ein ha fylt 15 år i løpet av kalenderåret, vore medlem av idrettslaget i minst éin månad og ha gjort opp dei økonomiske forpliktingane sine til idrettslaget.*

Sak 02/24: Val av dirigent

Tilråding til vedtak: Saka vert lagt fram utan tilråding.

Sak 03/24: Val av protokollfører

Tilråding til vedtak: Saka vert lagt fram utan tilråding

Sak 04/24: Val av to til å skrive under møteprotokollen

Tilråding til vedtak: Saka vert lagd fram utan tilråding.

Sak 05/24 Godkjenning av innkalling

Tilråding til vedtak: Innkalling vert godkjent.

Sak 06/24 Godkjenning av saksliste

Tilråding til vedtak: Innkalling vert godkjent.



“På lag med bygdi”

Sak 07/24

Godkjenning av forretningsorden

Tilråding til vedtak:

Forretningsorden vert godkjent.

Utgreiing:

Vedlagt er NIF forslag til forretningsorden for årsmøte

Sak 08/24:

Årsmeldingar

Tilråding til vedtak:

Årsmøte godkjenner årsmeldingane frå gruppene.

Utgreiing:

Årsmeldingane er utarbeida av gruppene og vert lest opp på møtet. Dei er også tilgjengelege på heimesida til laget/gruppene.

- *Hovudlaget*
- *Fotball*
- *Friidrett*
- *Turn og barneidrett*
- *Innebandy*
- *Skeise*
- *Ski*
- *Handbak*

Sak 09/24:

Rekneskap 2023

Tilråding til vedtak:

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2023

Utgreiing:

Rekneskapsrapport vert lagt fram i møtet.

Sak 10/24:

Melding frå kontrollutvalet

Tilråding til vedtak:

Årsmøtet godkjenner melding frå kontrollutvalet

Utgreiing:

Melding frå kontrollutvalet vert lagt fram i møtet.



“På lag med bygdi”

Sak 11/24:

Medlemskontingent år 2025

Tilråding til vedtak:

Årsmøtet vedtek å halde medlemskontingent på kr 150 pr medlem uendra for år 2025

Utgreiing:

Medlemskontingenten i Lærdal Idrettslag vart sist endra i 2019 til kr 150 for alle medlemmer.

Sak 12/24:

Fordeling av økonomisk tilskot mellom gruppene

Tilråding til vedtak:

Årsmøtet vedtek følgjande fordeling av tilskot på totalt kr 250.00 som følgjer. Hovudlaget disponerer 25% av fellesmidlane og dei resterande vert fordelt slik;

- Fotball 30%
- Turn og barneidrett 20%
- Skeise 15%
- Handball 0%
- Friidrett 10%
- Ski 10%
- Innebandy 0%
- Handbak 10%
- Symjing, etter avtale

Utgreiing:

Årsmøte føretek årleg ein fordeling av tilskot til dei ulike gruppene. Dette vert gjort basert på erfaring, behov/utgifter og aktivitet retta inn mot barn/unge. Gruppene har også kunne bedd om ekstraløyvingar når det er særleg behov.

Styret skal legge fram forslag på årsmøtet i 2024.

Aktivitet og drifta av dei ulike gruppene er svært forskjellig. Nokre grupper har dugnader eller arrangement av ymse lag som er med å finansierer aktiviteten, andre har inga eiga aktivitet for å finansiere drifta. Nokre grupper har økonomi til å dekke reiseutgifter, alt eller delvis - mens andre ikkje har denne typen utgifter.

Utgangspunktet må vera at fordelinga oppfattast rettferdig og bygger opp under aktivitet retta inn mot barn/unge.

I LIL har dei ulike gruppene i utgangspunktet god økonomi, og driftar i samsvar med den økonomien gruppa har. Større investeringar vert gjort i samarbeid med hovudlaget (anlegg), mens mindre innkjøp vert gjort i gruppa. Me har også åpne anlegg for alle innbyggere, dvs ski og skøyter, som laga skiløyper og skeisebane på dugnad som alle kan nytte.



“På lag med bygdi”

Innspel frå gruppene

Hovudtrekka frå innspela frå gruppene er;

- *Innebandy; treng midlar til utstyr og ønskjer auka aktiviteten mot andre lag (turneringar)*
- *Skigruppa; ok i dag, men treng midlar til større ting som dei vil søke om*
- *Skeise; har aktivitet som er avhengig av været, driftar anlegg som er opne for alle. Ski og skeise bør få midlar til å dekke drift av sine opne anlegg*
- *Handbak; har store kostnader til reiser, både inn- og utland. Utfordrande for yngre deltakarar. Bør vurdere «pott» til dekning av kostnader til reiser som kan det kan søkast om*
- *Friidrett; har mange store arrangement der det er meir og meir utfordrande å få sponsorstøtte. Må halde deltakaravgifta nede for å få flest mogeleg til å deltakarar. Ønskjer auka %-stats*

Finansiering av fellesutgifter

Finansiering av drifta i LIL er i hovudsak slik at hovudlaget dekkar alle utgifter til felleskostnader for alle gruppene, slik som straum, halleige, forsikringar, reinhald av fellesområder etc. Ski/skeise har driftsutgifter, til dømes diesel, som i dag vert dekkar av desse særgruppene. Dette er utgifter som bør dekkast av hovudlaget.

Oversikten nedanfor viser rekneskapstala samla for heile laget og kva som dekkast av hovudlaget. Merk at det er høge sponsorinntekter i år 2023 på grunn av Veterancupen sin fokus på Fotball for Ukraina. Dette var med å dekkar kostnader til arrangementa under Veterancup 2023, og som samla sette gjekk i balanse (sjølve innsamlingsaksjon er utanfor rekneskapen).

Hovudsponsorane bidreg med kr 345.000 i inntekt til laget i år 2023. Dette er største inntekta til hovudlaget. Medlemsavgifta og bidrag frå idrettskrinsen er avhengig av tal medlemmar. Her er det stort potensiale for auka inntektene då det i fleire grupper er berre ca 50% av dei aktive som har betalt medlemsavgifta.

Hovudtal frå rekneskapen er som følgjer;



“På lag med bygdi”

Tekst	LIL heile laget		Hovudstyret	
	Inn	ut	inn	ut
Overføring frå Hovudstyret				187 500
Lærdalskalenderen	29 700		1 950	
Sponsorinntekter	1 002 000		345 000	
Treningsavgift	148 695			
Eigenandel egne arrangement	153 374		0	
Kiosksal	266 941			
Dugnad for gruppa	15 420			
Andre inntekter	299 222		34 100	
Medlemsavgift	66 796		45 306	
Idrettskrinsen (medlemsavhengig)	161 441		161 441	
Grasrotandelen- Norsk Tipping	61 454		61 454	
Lotteri/Bingo	72 991		72 991	
MVA-refusjon frå driftsutgifter			109 565	
LK-Kulturmidlar	90 000		70 000	
Straum (2 bygg og 3 flomlysanlegg)				29 549
Forsikringar. (Bygg/innbu/maskiner)				69 708
Halleige til LK på Øyri				30 000
Reknskapsføring (timepris)				54 326
Reinhold klubbhus				18 550
Internet/web				61 460
Vedlikehold anlegg				115 017
Styregodtgjerdse				15 500
SUM inntekter / utgifter 2023	2 368 035	1 784 043	901 808	581 609
Overskot /underskot		583 991		320 198

Økonomi i gruppene

Det er i god likviditet i alle grupper. Førabels rekneskap for år 2023 viser følgjande per lag;

	Fotball	Turn/barn	Friidrett	Ski	Skeise	Innebandy	Handbak
Overføring frå hovudlaget 2023	56 250	37 500	18 750	18 750	28 125	9 375	18 750
Lærdalskalenderen	0	0	0	0	0	0	27 750
Sponsorinntekter	70 000	0	22 000	10 000	0	0	10 000
Treningsavgifter	104 400	44 295	0	0	0	0	21 490
Eigenandel egne arrangement	39 950	0	52 898	2 500	6 450	0	58 026
Kiosksal	260 981	0	0	0	0	0	5 960
Dugnader for gruppa andre inntekter	15 420	0	0	0	0	0	0
Andre inntekter	52 464	2 600	0	0	0	0	45 666
Sum inntekter per gruppe	599 465	84 395	93 648	31 250	34 575	9 375	187 642
Utgifter	540 689	37 794	73 013	27 508	7 051	7 459	164 017
Resultat	58 777	46 601	20 635	3 742	27 524	1 916	23 626
Resultat minus overføring	2 527	9 101	1 885	-15 008	-601	-7 459	4 876
Konto per 31.12.23	617 191	236 766	310 084	122 408	408 025	61 080	89 590



“På lag med bygdi”

Oversikten viser god drift i alle lag, med god likviditet i alle grupper. Alle grupper finansierer sine aktiviteter med dugnad/treningsavgifter etc, unnateke innebandy som vert finansiert med overføring frå styret. Innebandy har ein dag til disposisjon i hallen på Øyri, og det er ei av gruppene som har minst betalte medlemmer i høve talet på aktive. Medlemsregistrering for dei aktive i denne gruppa må på plass før ytterlegare overføring frå hovudlaget.

Andre forhold

Det vert no jobba med revidering av klubbhandboka der ein til dømes vil komme med innspel til nye reglar for kompensasjon ved reiser, budsjettarbeid etc. Dette arbeidet kan påverke og eventuelt ta inn nokre av innspela som er komne i denne prosessen

Styret har i styremøte 15.02.24 vedteke følgjande som forslag til årsmøtet;

- *Held satsane til gruppene uendra – unnataka innebandy som får kr 0.*
- *Driftskostnader til å legge is og køyra skiløyper skal dekkast av hovudlaget*
- *Ekstraordinære kostnader i forbindelse med endring av profilprodukt kan søkast dekkast av hovudlaget. Eksempelvis i forbindelse med endringar av logoar osv.*

Sak 13/24:

Handsaming av organisasjonsplan/klubbhandbok

Tilråding til vedtak:

Hovudstyret i LIL får fullmakt til å godkjenne organisasjonsplan/klubbhandbok med handlingsplan

Utgreiing:

Klubbhandboka treng oppdatering, både av formelle og funksjonelle årsaker, dette med bakgrunn i følgjande;

- *Informasjon i klubbhandboka må følgja lovnorma og innhalda den informasjon som trengs til drift av lag/særgrupper, krise- og beredskapsplanar etc*
- *Informasjon i klubbhandboka bør vera digital og lett å søke i slik at den er eit hjelpemiddel for brukarane*

I samsvar med lovnorma skal laget ha organisasjonsplan. Dette vert også ofte løyst som del av klubbhandboka. Målsettinga er å samle alt som er relevant for drift og styring av laget og gruppene. Dette er eit stor og krevjande arbeid.

Styret har vedteke følgjande prosess;

1. *Utkast til styret i løpet av februar (litt forsinka)*
2. *Korrigering etter styret si handsaming*
3. *Utkast til struktur/oppbygging vert lagt fram til årsmøtet der styret får mandat til å gjere klubbhandboka ferdig, med endeleg godkjenning i hovudstyret*
4. *Utkast sendes på høyring til gruppene etter årsmøtet*



“På lag med bygdi”

5. Styret handsamar innspela og sender over til endeleg godkjenning i hovudstyret

Handlingsplan for år 2024 er som følgjer;

- *Implementerer klubbhandboka i alle grupper*
- *Registrerer alle aktive i Min Idrett*
- *Gjennomføre fyrstehjelpskurs*
- *Gjennomføre kurset «Trygg på trening» i regi av NIF/idrettskretsen*
- *Avklare kunstisprosjekt i Lærdal*
- *Synleg og aktiv folkehelseaktør i kommunen*
- *Profilering av LIL i samsvar med ny profilhandbok*
- *Få på plass ny heimeside for LIL*

Sak 14/24:

Budsjett 2024

Tilråding til vedtak:

Styret får fullmakt til å utarbeide budsjett og gjere naudsynte endringar i samsvar med handlingsplan i organisasjonsplan

Utgreiing

I samband med utarbeiding av ny klubbhandbok skal det lagast mal for utarbeiding av budsjett for dei ulike gruppene, samt hovudlaget. I vente på endeleg godkjenning av klubbhandbok vert det laga budsjett for kvar oppgåve/aktivitet i handlingsplan fortløpande for hovudlaget. For enkelte av gruppene er det laga budsjett, men det er ikkje laga nokon samla oversikt.

Sak 15/24:

Val av styre i hovudlaget i Lærdal Idrettslag

Tilråding til vedtak:

Valnemnda legg fram forslag til nytt styre i møtet

Utgreiing:

Leiarar og nestleiarar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemmene skal veljast samla. Deretter skal varamedlemmene veljast samla. Der det blir valt fleire varamedlemmer, skal det veljast 1. varamedlem, 2. varamedlem osv.

Noverande styret i hovudlaget/arbeidsutvalet;

Leiar	Hallvard Thomassen	2023/2025
Nestleiar	Aleksander Offerdal	2022/2024 – på val
Kasserar	Jarle Offerdal	2023/2023 – på val
Sekretær	Guri Olsen	2023/2025
Styremedlem	Janne Marie Reppen	2022/2024 – på val
Styremedlem	Kathrine Njåstad Blaafat	2022/2024 – på val



“På lag med bygdi”

1.varamedlem Sissel Øye 2022/2024 – på val
2.varamedlem May Britt Solheim 2023-2025

Sak 16/24: Godtgjersle til styret i hovudlaget i 2018

Tilråding til vedtak: Årsmøtet vedtek å ikkje endre godtgjersla til styret i hovudlaget

Utgreiing:

Noverande ordning;

- Leiar i styret: kr 10.000
- Kasser : kr 2.000
- Skrivar: kr 1.000
- Øvrige medlemmer i styret: kr 500

Sak 17/24: Val av kontrollutval

Tilråding til vedtak: Valnemnda legg fram forslag til 2 personar i kontrollutvalet i møtet

Sak 18/24: Godtgjersle til kontrollutvalet

Tilråding til vedtak: Årsmøtet vedtek godtgjersle på kr 500 til kvar av medlemmane i kontrollutvalet

Utgreiing:

Styret foreslår å ikkje endre godtgjersla på kr 500 til kvar medlem i kontrollutvalet

Sak 19/24: Valnemnd i Lærdal Idrettslag for 2025

Tilråding til vedtak: Årsmøtet vel Trine Grøtnebø (leiar), Renate Fossen og Ole Ramshus Sælthun til valnemnd i Lærdal Idrettslag

Utgreiing:

Det er viktig at heile bygdi og begge kjønn er representert i valnemnda. Dagens valnemnd er den same som for i år



“På lag med bygdi”

Sak 20/24:

Innkomne saker

Tilråding til vedtak:

Årsmøtet vedtek å be NIF om at Min Idrett også vert tilgjengeleg på nynorsk

Utgreiing:

Det er komne innspel på at Min Idrett er på målføret bokmål. Det er eit ønskje om at det også er tilgjengeleg på nynorsk